

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2018-0154	<b>Søknadsår</b>	2018	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Tilskot til utbygging av breiband i Hordaland 2018			
<b>Prosjektnavn</b>	Tilskot til utbygging av høghastigheits breiband Hisdal - Trengereidfjord			

### Kort beskrivelse

Utbygging av høgkapasitets breiband til husstandar, fritidsbustader og næringsdrivande i området Hisdal - Trengereidfjord i Samnanger kommune. Det er lite sannsynleg at slik utbygging vil finna stad utan at det vert gitt offentleg tilskot, på grunn av for spreidd busetnad i fohold til kommersiell utbygging/privat utbygging utan offentleg tilskot.

### Prosjektbeskrivelse

Sjølv om det i dag er ulike "breibands-tilbod" i området, er mange misnøgde og kommunen har fått henvendelsar frå fleire innbyggjarar som ber om eit betre tilbod. På bakgrunn av dette har kommunen vore i kontakt med Telenor, Kvamnet og Bergen Fiber for å undersøkje om det finst planar for fiberutbygging i området. Telenor, Kvamnet og Bergen Fiber vurderer det slik at Hisdal vil vera godt eigna for utbygging, men det ligg så langt kommunen har fått informasjon om ikkje føre planar om utbygging. Telenor har tilrådd at også Trengereidfjord blir omfatta av ein eventuell søknad om tilskot i dette området. Truleg vil ei utbygging av høghastigheits breiband i området kunne gjennomførast dersom det blir gitt eit tilskot på ca. 900.000 kroner (av ein sannsynleg total kostnad på ca. 3,25 millionar kroner).

Det er totalt om lag 70 bustadhus i området. Av desse ligg om lag 40 i Hisdal og om lag 30 ned mot og i Trengereidfjord. I tillegg er det om lag 30 fritidsbustader i området. Området strekkjer seg over om lag 5 kilometer. Det er i dag ikkje tilbod om breiband over 10 Mbps i indre del av Trengereidfjorden, med unnatak av eit lokalt fibernett i delar av Trengereidfjorden. Dette fibernettet er knytta til Kvamnet sitt radiosignal-nett. Det er tilbod om ADSL i Hisdal. På grunn av lang avstand til telefonsentral er det låg kapasitet/hastigheit ved bruk av ADSL (nedlastingshastigheit på ca. 2 Mbit/s på ettermiddag/kveld og opptil ca. 6 Mbit/s når det er lite trafikk på linjenettet). Opplastingshastigheit ved bruk av ADSL er svært låg, under gunstige forhold kanskje opp mot 0,4 Mbit/s. I delar av Hisdal er det også tilbod om breiband frå Kvamnet (breiband via radiosignal). Dette gjeld den delen av Hisdal som har fri sikt til Kvamnet sin sendar i Einaråsen (gjeld i underkant av halvparten av husstandane i Hisdal). På denne løysinga tilbyr Kvamnet AS abonnement med hastigheit på opptil 20/10 Mbit/s.

Det er 4G-dekning i det meste av området, med unnatak av delar av Trengereidfjorden. Ifølgje NKOM sine dekningskart er det i dag tilbod om minst 10 Mbit/s i heile området Hisdal - Trengereidfjord, men ikkje tilbod om høghastigheits breiband (minst 30 Mbit/s) i nokon del av området.

Eit sannsynleg anslag på antal kundar ved (fiber)utbygging i området, er om lag 60 stk (om lag 60% av det totale potensielle kundegrunnlaget).

Samnanger kommune vil ved utlysning av utbyggingsprosjektet og kontraktsinngåing stilla ulike krav til utbyggjaren, mellom anna: (1) Tredjepartsoperatørar skal tilbydast grossisttilgang til nettet. (2) Høgshastigheitsnettet skal vera operativt i minimum 10 år etter overtakingsdato, elles vil ein forholdsvis del av tilskotet måtte tilbakebetalast. (3) Alle fastbuande/husstandar, næringsbygg og offentlege bygg/forsamlingslokale innanfor utbyggingsområdet skal ha moglegheit til å knytta seg til nettet. Det same gjeld fritidsbustader i den grad dette er realiserbart. (4) Nettet/anlegget skal eigast av leverandøren, som er økonomisk og juridisk ansvarleg for drift og vedlikehald.

Dersom det blir gitt tilsegn om tilskot, tek me sikte på å bruka erfaringar og dokument frå tidlegare utbyggingar og den pågåande utbygginga i området Rolvsvåg - Saga som grunnlag ved utarbeiding av kravspesifikasjon og gjennomføring av konkurranse om utbygging i området Hisdal - Trengereidfjord.

Me gjer merksam på at det er vanskeleg for kommunen å setja opp eit detaljert kostnadsoverslag etter malen i søknadsskjemaet (der kostnader skal vera fordelt på personalkost, utstyr m.m.). Me har ikkje fått detaljerte kostnadsoverslag. Me har derfor måtte bruka skjønn når me har fordelt kostnadane i tabellen for kostnadsoverslag.

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Samnanger kommune Org.nr:964968985	Tyssevegen 217 5650 TYSSE	90149077
<b>Kontakt- person</b>	Jan Erik Boge	Tyssevegen 217 5650 TYSSE	90149077
<b>Prosjekt- leder</b>	Jan Erik Boge	Tyssevegen 217 5650 TYSSE	90149077

**Mottatt offentlig støtte tidligere:** Ja

Det er ikkje gitt offentleg støtte (eller tilsegn om offentleg støtte) til dette prosjektet tidlegare, men Samnanger kommune fekk i 2017 tilsegn om tilskot frå NKOM/Hordaland fylkeskommune på inntil 1.000.000 kroner til breibandsutbygging i eit tilstøtande område (Rolvsvåg - Saga).

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Sjølv om det i dag er ulike "breibands-tilbod" i området, er mange misnøgde og kommunen har fått henvendelsar frå fleire innbyggjarar som ber om eit betre tilbod. På bakgrunn av dette har kommunen vore i kontakt med Telenor, Kvamnet og Bergen Fiber for å undersøkje om det finst planar for fiberutbygging i området. Telenor, Kvamnet og Bergen Fiber vurderer det slik at Hisdal vil vera godt eigna for utbygging, men det ligg så langt kommunen har fått informasjon om ikkje føre planar om utbygging. Telenor har tilrådd at også Trengereidfjord blir omfatta av ein eventuell søknad om tilskot i dette området. Truleg vil ei utbygging av høgshastigheits breiband i området kunne gjennomførast dersom det blir gitt eit tilskot på ca. 900.000 kroner (av ein total kostnad på ca. 3,25 millionar kroner).

### **Prosjekt mål**

Målsetjinga med prosjektet er å få på plass tilbod om høgkapasitets breiband til husstandar, fritidsbustader og næringsdrivande i området. Gjennom dette vil fastbuande, eigarar av fritidseigedomar og næringsdrivande i større grad enn i dag kunna nytta seg av tenester og tilbod som stiller krav om høgkapasitets breiband. Prosjektet vil ha som resultat at mellom 90 og 100 husstandar og fritidsbustader vil få tilbod om høghastigheits breiband. Av desse reknar me med at om lag 60 vil nytta seg av tilbodet.

### **Forankring**

I Samnanger sin kommuneplan er det ei målsetting om at kommunen skal sjå til, og om nødvendig yta økonomisk tilskot, slik at innbyggjarane i kommunen får tilgang til breiband. Krava til kapasitet/hastigheit på breiband vert stadig større, og kommunen si målsetting er at flest mogleg innbyggjarar og næringsdrivande skal ha eit godt breibandstilbod. Kommersiell utbygging av høghastigheits breiband er av kostnadmessige/geografiske årsaker primært aktuelt i dei tettast befolka områda av kommunen (strekninga Ådland - Tysse). I andre område av kommunen er utbygging av breiband i stor grad avhengig av offentleg tilskot. Samnanger har i tidlegare søknadsrundar fått tilskot til utbygging i fleire område av kommunen, både til breiband av grunnleggjande god kvalitet (breiband via radiolink) og til fiberutbygging. Samnanger sin økonomiske situasjon er slik at kommunen i liten grad har midlar til å yta økonomisk tilskot til utbygging av breiband. Det er heller ingen store næringsaktørar, kraftselskap eller liknande i Samnanger som bidreg til finansiering av breibandsutbygging.

### **Prosjektorganisering**

Dersom det vert gitt tilsegn om tilskotsmidlar frå NKOM, vil det bli gjennomført anbodskonkurranse før val av utbyggjar vert gjort. Endeleg prosjektorganisering vil først verta bestemt då, men det vil vera utbyggjaren som får det praktiske ansvaret for utbygginga. Samnanger kommune si rolle vil primært vera å koordinera prosjektet og bistå på område det er behov for det.

### **Samarbeidspartnere**

Både Telenor, Kvamnet og Bergen Fiber kan vera aktuelle samarbeidspartnarar. Det er ingen større næringsaktørar i dette området, så privat næringsliv vil neppe vera samarbeidspartnarar i dette prosjektet.

### **Aktivitetar**

Intensjonen med prosjektet er at det skal planleggjast og byggjast ut høghastigheits breiband gjennom heile området, og at husstandar, verksemder og fritidsbustader som ligg i utbyggingsområdet skal få tilbod om å knytta seg til dette nettet. Når det gjeld aktivitetar, viser me elles til tids-/milepælsplanen i søknaden.

### **Målgrupper**

Husstandar, fritidsbustader og næringsdrivande i området Hisdal - Trengereidfjorden.

### **Resultat**

Husstandar, fritidsbustader og næringsdrivande i området vil få tilgang til høghastigheits breiband med god kapasitet og høg stabilitet. Når utbygginga er gjort, vil området ha god breibandsdekning i mange år framover (moglegheit for oppskalering av hastigheit etc.).

## **Effekter**

Breibandstilbudet til husstandar, fritidsbustader og næringsdrivande i området vil verta vesentleg forbetra i forhold til i dag. Alle husstandar, fritidsbustader og næringsdrivande i området vil kunne ta i bruk tenester som er avhengige av høghastigheits breiband (streaming, sending/mottak av store datafiler m.m.).

## **Tids- og kostnadsplan**

### **Tidsplan**

Det er ikkje sett opp tidsplan for utbygginga, fordi utbygging vil vera avhengig av at det vert gitt tilsegn om tilskot frå NKOM. Dersom det vert gitt tilsegn om tilskot frå NKOM, ser me for oss følgjande tidsplan:

Oktober 2018 - Planlegging og utlysing av anbodskonkurranse om utbygginga

Januar 2019 - Vedtak om val av utbyggjar

Februar - april 2019 - Planlegging, prosjektering, kundepåmelding m.m.

Mai - september 2019 - Utbyggingsfase

September 2019 - Avslutning av prosjektet. Sluttrapport.

**Kostnadsplan**

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
01. Personalkost	30 000	30 000				60 000
03. Utstyr		2 190 000				2 190 000
04. Andre kostnader		1 000 000				1 000 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>30 000</b>	<b>3 220 000</b>				<b>3 250 000</b>

Me gjer merksam på at det er vanskeleg for kommunen å setja opp eit detaljert kostnadsoverslag etter malen i søknadsskjemaet (der kostnader skal vera fordelt på personalkost, utstyr m.m.). Me har ikkje fått detaljerte kostnadsoverslag. Me har derfor måtte bruka skjønn når me har fordelt kostnadane i tabellen for kostnadsoverslag.

**Finansieringsplan**

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
01. Lokal medfinansiering	30 000	50 000				80 000
02. Privat finansiering		2 270 000				2 270 000
03. Bredbåndsutbygging - Nasjonal tilskuddsordning	900 000					900 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>930 000</b>	<b>2 320 000</b>				<b>3 250 000</b>

**Geografi**

1242-Samnanger

**Vedleggsliste**

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Kartutsnitt over utbyggingsområdet.pdf	296 930	18.05.2018
Skjema for tilleggsinformasjon.pdf	184 394	18.05.2018
Utsnitt frå NKOM sitt dekningskart 10 Mbit.pdf	261 992	18.05.2018
Utsnitt frå NKOM sitt dekningskart 30 Mbit.pdf	258 394	18.05.2018